



*Hardanger / Voss kompetanseregion  
Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## ODDA UNGDOMSSKOLE



*Leiar og nestleiar i elevrådet*

**2/11 – 5/11 2009**

*Odda ungdomsskole  
rektor: Sven Olaf Brekke  
Oppheimsgata 31  
5750 ODDA  
53 65 49 50  
odda.ungdomsskole@odda.kommune.no  
[www.odda.kommune.no](http://www.odda.kommune.no)*



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar?**

14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere grunnskulane i regionen i løpet av 3-4 år. Målet er 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Odda ungdomsskole ligg på Eidesmoen om lag 3 km får sentrum. Skulen er nær knytt til kommunale idrettsanlegg.

Skuleåret 2009-2010 er det 232 elevar ved skulen fordelt på trinna på denne måten: 5 parallellar på 8. og 10. trinn og 4 parallellar på 9. trinn.

Odda ungdomsskole har 31 lærarårsverk, rektor og inspektør i fulle stillingar, 3,5 årsverk assistentar og 1 årsverk merkantil medarbeidar.

Visjonen til Odda ungdomsskole er "Ein god plass å vera, ein god plass å læra".

Dei viktigaste tiltaka i styringskortet når det gjeld skuleutvikling er:

- Videreutvikla digital kompetanse og Its learning.
- Fokus på læringsmål og vurdering.
- Implementera "Lese for livet" -SOL og IKT-plan i skulen sine fag og årsplanar

## 3 – Vurderingstema

Odda ungdomsskole har bede om vurdering på følgjande tema: *Vurdering for læring*.

Sven Olaf Brekke starta som rektor på Odda ungdomsskole om lag 6 mnd. før denne eksterne vurderinga. Tidlegare rektor var tydeleg på at vurdering var eit aktuelt tema for ekstern vurdering.

Nokre moment som ligg til grunn for val av tema:

- Kunnskapsløftet med inndeling i kompetansemål for fag tvingar fram eit arbeid i høve kriterium for vurdering i dei einskilde faga. Skulen gjorde eit stort arbeid i L97. Dette arbeidet må omarbeidast slik at det gjeld den nye læreplanen.
- Endring i forskrift til opplæringslova er tydelegare på eleven sin medverknad og medansvar i vurderingsarbeidet. I tillegg er læringsperspektivet løfta fram på ein tydelegare måte.





## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav



*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriteria samanlikna med den informasjon som er samla om temaet. Det er gjort gjennom intervju, påstandsskjema og observasjon på skulen i tillegg til dei dokumenta som skulen har lagt fram.*

*Kriteria i denne rapporten er utforma av vurderarane i samarbeid med skulen.*

### TEMA: VURDERING FOR LÆRING

| <b>Kriterium</b>   | <b>Teikn på god praksis</b>   |
|--|---|
| A<br>Elevane får<br>tilbakemelding på<br>arbeidet sitt   | <ol style="list-style-type: none"><li>1. Eleven får munnleg tibakemelding på arbeidet sitt som verkar motverande.</li><li>2. Eleven får skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt som verkar motiverande.</li><li>3. Det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingsamtalar.</li><li>4. Eleven får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert bevisst kva han kan forbetra.</li></ol>  |
| B<br>Vurderinga<br>stimulerer til<br>utvikling og læring | <ol style="list-style-type: none"><li>1. Vurderinga motiverer eleven.</li><li>2. Læringsmåla er formulerte slik at elevar og føresette veit kva som skal lærast.</li><li>3. Eleven får gjennom vurderinga vita korleis han/ho kan arbeide for å nå læringsmåla.</li><li>4. Elevar og foreldre får vite kva det blir lagt vekt på i vurderinga</li><li>5. Elevar og foreldre får vite når læringsmåla som gjeld for eleven, er nådde.</li><li>6. Vurderinga har fokus på eleven sine sterke sider.</li></ol> |
| C<br>Elevane er aktive i<br>læringsprosessen             | <ol style="list-style-type: none"><li>1. Elevane tek medansvar i vurderingsarbeidet.</li><li>2. Eleven er bevisst på egne læringsprosessar.</li><li>3. Vurderinga fremjar eleven si evne til å gjere bevisste val.</li><li>4. Eleven kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid.</li><li>5. Elevane kan formulere egne mål.</li><li>6. Vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim.</li></ol>  |



| <b>Kriterium</b>                                    | <b>Teikn på god praksis</b>   |
|---|---|
| D<br>Skulen har felles rutinar/system for vurdering | <ol style="list-style-type: none"><li>1. Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering.</li><li>2. Skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen.</li><li>3. Vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse</li><li>4. Skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat frå kartlegginga.</li><li>5. Skulen har ordningar som gjev lærarane tid til å utføra individuell vurdering.</li></ol>  |
| E<br>Skulen er ein lærande organisasjon             | <ol style="list-style-type: none"><li>1. Kunnskap frå vurderinga blir brukt i planlegging av læringsarbeidet for at elevane skal få maks utbytte.</li><li>2. Skulen har diskusjonar kring læringsarbeid og vurderingspraksis.</li><li>3. Det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting.</li><li>4. Personalet er opne for endringar.</li><li>5. Skulen vurderer jamleg verksemda si.</li><li>6. Lærarane har undervisningskompetanse i dei faga dei underviser i.</li><li>7. Leinga gjev god informasjon.</li><li>8. Dei tilsette søkjer informasjon sjølv.</li><li>9. Personalet deltek på etter-/vidareutdanning som er relevant for vurderingsarbeidet.</li></ol> |

## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Leing, lærarar, elevar og føresette
- Eksterne: Kolbjørn Blikås, Evelyn Sekse Haustveit og Liv Kristoffersen frå Hardanger/Voss kompetanseregion.

Temaet *Vurdering for læring* er eit tema som, i tillegg til elevane og impliserer lærarar og føresette. Det er difor naturleg at alle desse partane er med.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.*

*Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*





| Tid             | Tiltak  | Ansvar  |
|-----------------|---|---|
| 10.09.09        | Vurderingsgruppa har bestemt at Liv Kristoffersen, Kolbjørn Blikås og Evelyn Sekse Haustveit er vurderarar<br>Vurderingsveke fastlagt til veke 45<br>Vurderingstema: <i>Vurdering for læring</i>  | Vurderarar/<br>skule<br><br>Skulen                                |
| 23.09.09        | Formøte på Odda ungdomsskole:<br>Rektor, inspektør. Plangruppe. Vurderarar. ATG.<br>Tema: Vurderringstema, oppsetjing av samtalegrupper og praktiske spørsmål vedkomande vurderinga.<br>Vurderarane får: <ul style="list-style-type: none"><li>- kopi av vekeplanar frå alle trinn</li><li>- resultat av elevundersøkinga</li><li>- resultat frå nasjonale prøvar</li><li>- andre brukerundersøkingar</li><li>- døme på skriftlege vurderingar</li><li>- vurderingskriterium</li><li>- skjema for elevsamtalar m.m.</li></ul> | Skulen  |
| Veke 40         | Glansbilete vert utarbeidd og sendt skulen.<br>Påstandsskjema for lærarane vert sendt skulen.<br>Skulen får tilsendt tidsplan.  | Vurderarane   |
| Veke 41         | Skulen gjennomfører påstandsskjema for lærarane.<br>Sendt til vurderarane.  | Rektor  |
| Uke 41-42       | Skulen drøftar glansbilete og sender det tilbake til vurderarane innan 20.10.09.  | Rektor  |
| Seinast veke 43 | Skulen informerer elevar og føresette om ekstern vurdering.<br>Skulen sender innkalling til foreldrerepresentantane i FAU (to for kvar klasse, vara dersom nokon ikkje kan møta), møte måndag 2. november.<br>Skulen kallar inn til framlegging av rapport. Skuleeigar vert invitert.   | Rektor  |
| Veke 43-44      | Vurderarane summerer påstandsskjema og utarbeider samtaleguidar til intervju/møte.  | Vurderarane   |
| Veke 45         | Møte med rektor kvar morgon.<br>Kort info.-møte med tilsette måndag morgon.<br>Møte med føresette måndag kveld.<br>Intervju med elevar/lærarar og observasjon måndag – onsdag.<br>Framlegging av rapport torsdag.   | Rektor set opp tidsplan for samtalar, observasjon og framlegging. |
| Veke 46         | Rapportar vert sendt rektor og skuleeigar.<br>Offisiell rapport utan vedlegg vert og sendt kompetanseregionen for arkivering og utlegging på heimesida.   | Vurderarane   |
| Innan 15. des.  | Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Kolbjørn Blikås som sender han vidare til leiar i vurderingsgruppa.  | Rektor og Kolbjørn Blikås   |



## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument før vurderinga: styringskort for Odda kommune, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga, vurderingsskjema, skjema for eigenvurdering, skjema for førebuing til elevsamtale/konferansetime, vurderingskriterium i fag og halvårsplanar i fag.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

### Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderarane ut påstandskjema til pedagogane. Desse vart fylt ut og returnert til vurderarane for summering.

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, føresette og pedagogar.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane. Det møtte 22 klassekontaktar på møtet.

### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me observerte i 9 grupper.



## 8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Det har vore ei udelt kjekk oppleving å kome til og arbeide på Odda ungdomsskole. Vurderarane har vore ønskt velkomne og møtt med velvilje heile vegen. Me ser ei leiing som er aktiv og tydeleg og som er opptekne av å ha omsorg for elevane og for personalet sitt. Det ser for oss ut som personalet er sunt ærgjerrige på elevane sine og eigne vegner. Me opplever ein skule der tonen er svært god mellom alle partane i dette vesle samfunnet. Her er skapt eit miljø som er gjennomsyra av gjensidig respekt. Me merkar at alle partane lyttar til kvarandre.

Elevrådsleiarane viste oss stolt rundt på skulen sin. Personalet gjev tilkjenne det same; dei er stolte av og nøgde med arbeidsplassen sin.

Oppslag i lokalpressa som set fokus på framgang og gode resultat i

Elevundersøkinga, er sjølv sagt ei fortent og flott forsterking av dette. Foreldra peikar på at dei har ein skule med høg kompetanse i lærarflokken.

Både elevar, foreldre og personale seier at dei er nøgde med mange av rammene dei har på skulen. Uteområdet er stort og godt. Det er orden og stil på inneareal sjølv om bygningane er av ulik alder. Me merkar at det er gode system og klar struktur på ordningar og rutinar både for elevar og tilsette.

### A. Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- ✓ Eleven får munnleg tilbakemelding på arbeidet sitt som verkar motiverande
- ✓ Eleven får skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt som verkar motiverande.
- ✓ Eleven får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert bevisst kva han kan forbetra.

Gjennom observasjon i klasserommet har me sett lærarar som gir elevar munnleg tilbakemelding på arbeidet, noko som verkar motiverande for vidare arbeid. Lærarar som går rundt i klasserommet og hjelper elevar der det er behov. Vidare er det positivt at lærarane gir rettleiing og vurdering undervegs slik at elevane veit kva dei kan forbetra. Lærarane seier dei gir skriftleg tilbakemeldingar på arbeidet til elevane, noko som foreldre og elevar støttar opp om. Her vert det praktisert litt ulikt korleis den skriftlege tilbakemeldinga føregår. På konferansetimen gir faglærar skriftleg tilbakemelding til eleven, noko som er positivt.

- ✓ Det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingsamtalar.

Lærarane seier at elevane får munnleg og skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt og at det vert gitt munnleg undervegs vurdering til elevane. Både elevar og foreldre støttar opp om dette. Fleire lærarar seier dei har fagsamtalar med elevar i sine fag. Dei går for eksempel gjennom tilbakemeldingar. Uformelle samtalar skjer ofte.



## **B. Vurderinga stimulerer til utvikling og læring**

- ✓ Læringsmåla er formulerte slik at elevar og føresette veit kva som skal lærast.
- ✓ Eleven får gjennom vurderinga vita korleis han/ho kan arbeide for å nå læringsmåla.

I påstandsskjema seier lærarane at læringsmåla er gjort kjende for elevar og føresette. Skjemaet viser og at dei meiner at det er viktig at elevane gjennom vurderinga får vite korleis dei kan arbeide for å nå læringsmåla.

I intervju fortel lærarar og elevar at dei gjennomgår læringsmåla når elevane får ut ny vekeplan. Mange lærarar tar bevisst opp att fokus på måla når dei startar timar. Nokre lærarar har som praksis at elevane limer inn læringsmåla i boka si for kvart kapittel.

Lærarar fortel og om fokus på at det er læringsmåla som ligg til grunn for prøvane. Dette har nokon opplevd å få god respons på frå elevar og foreldre.

Elevane fortel at det er bra at læringsmåla deira står på planane og seier at lærarane går gjennom måla når dei får ny plan. Nokre elevar sa at lærarane på ungdomsskulen forklarar meir kva elevane skal gjera.

I den eksterne skulevurderinga hausten 2005 fekk Odda ungdomsskole som utviklingsområde å utarbeide vekeplanar for alle grupper i alle fag. Vurderarane fekk tilsendt vekeplanar med læringsmål på førehand. Elevar og lærarar refererte til vekeplanane når dei snakka om læringsmåla. Dei føresette sa at elevane har med heim vekeplan der lekser og læringsmål står. Dei seier vidare at desse er bra og lette å skjøne.

Dette viser at det no er ein etablert praksis med vekeplanar på skulen.

- ✓ Elevar og foreldre får vite kva det blir lagt vekt på i vurderinga.
- ✓ Vurderinga har fokus på eleven sine sterke sider.

Lærarane seier gjennom påstandsskjema at føresette og elevar får vite kva det vert lagt vekt på i vurderinga.

I musikk vert kriterium for mål gjennomgått ved oppstart av timar. Andre lærarar fortalde at dei går gjennom kriterium for faget i fellesskap ved starten av året. Nokre lærarar har vurderingskriteria på it's learning og limt inn i elevbøker.

I nokre fag, t.d. norsk, er det utvikla skjema for tilbakemelding. Her er det sett opp mål med grad av måloppnåing.

Skulen har gjort eit arbeid med å laga vurderingskriterium i dei ulike faga. Vurderarane fekk tilsendt desse på førehand.

## **C. Elevane er aktive i læringsprosessen**

- ✓ Vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim.

Lærarane seier at vurdering av eleven vert nytta til konferansetimen. Det er positivt at faglærar her gir ei skriftleg vurdering av eleven og er tilgjengeleg for foreldra dersom dei ynskjer ein samtale. Slik får eleven skriftleg vurdering i dei fleste fag. I intervju med foreldra seier dei at dei får god informasjon frå kontaktlærar om korleis eleven ligg i faget og kva han må arbeide med vidare.



- ✓ Eleven kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid.
- ✓ Vurderinga fremjar eleven si evne til å gjere bevisste val.

Elevane seier at dei nyttar munnlege tilbakemeldingar til kvarandre der dei får vita kva dei er gode på og kva dei kan arbeide meir med. Dette varierer frå lærar til lærar kor ofte og korleis vurderinga vert brukt. Lærarane seier at det er viktig at elevane vert gjort merksam på at det er vurdering dei driv på med.

Me har sett eigenvurderingsskjema som vert nytta i gym. Fleire lærarar sa at dei brukte skjema. Ein lærar hadde eit omfattande system for eigenvurdering på it's learning etter kvart tema.

Lærarane seier at vurdering gjev tilbakemelding om framgang, læringsmåla er gjort kjende for elevar og føresette og elevane får vite kva det vert lagt vekt på i vurderinga.

#### **D. Skulen har felles rutinar/system for vurdering**

- ✓ Skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen.

I påstandsskjema skriv lærarane at skulen har praksis på informasjon om vurdering til elevar og føresette.

I intervju fortel lærarane at foreldremøta på hausten har eit fast program der mellom anna vurderingskriterium, avgangsfag og arbeidsmåtar vert tatt opp. Dei viser vidare til at dei har mindre klagar på karakterar no enn tidlegare og at dette truleg kjem av at elevane og dei føresette veit meir om kva som ligg til grunn for karakterane.

Vurdering er tema på konferansetimar og ein har samtalar om kartleggingsprøvar og diagnostiske prøvar. Dei føresette seier at dei har fått informasjon om avsluttande fag på 9. trinn på foreldremøte og konferansetime.

- ✓ Skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat frå kartlegginga.
- ✓ Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering.
- ✓ Vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse.

Odda kommune har vedtatt plan for kva kartleggingsprøvar som skal gjennomførast på dei ulike trinna. Skulen kartlegg elevar i norsk, engelsk og matematikk. Resultata frå desse kartleggingane vert tatt vare på. Ut frå resultata på desse prøvane får elevar som har behov for det, tilbod om lesekurs eller matematikkurs.

Spesialpedagogisk koordinator er involvert i dette arbeidet.

Skulen har nyleg gjennomført nasjonale prøvar og administrasjonen har diskutert korleis ein skal ta desse resultata med i vidare planlegging av tilpassa undervisning.

I påstandsskjema seier over 60% av lærarane at vurderinga vert brukt til å dokumentere kompetanse og om lag 50% seier at skulen har system og rutinar for kartlegging og oppfølging av resultat frå kartlegginga. Gjennom intervju fortel lærarane om korleis dei dokumenterer og arkiverer elevvurderingar.

Rektor fortel om korleis system for dokumentasjon og arkivering karakter- og vitnemålsprotokollar fungerer. Han seier vidare at skulen har foreldremøte og konferansetimar ein gong pr halvår og at det vert ført referat frå foreldremøta.

Elevsamtalane vert gjennomførte ein gong i halvåret og det vert dokumentert at samtalane er haldne ved at lærar kryssar av i perm.



## E. Skulen er ein lærande organisasjon

- ✓ Skulen har diskusjonar kring læringsarbeid og vurderingspraksis.
- ✓ Det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting.
- ✓ Kunnskap frå vurderinga blir brukt i planlegging av læringsarbeidet for at elevane skal få maks utbytte

Leiinga på skulen seier at elevsamarbeid/fagsamarbeid er lagt inn som tema nokre langdagar og at dette er noko ein skal ha større fokus på framover. Her vil vurderingspraksis og metodedrøfting vere tema. Elles har teama oppe til drøfting aktuelle pedagogiske spørsmål i sine drøftingar. Skulen har system for oppfølging av vurderingar m.a. med igangsetjing av fagkurs i norsk, engelsk eller matematikk.

- ✓ Skulen vurderer jamleg verksemda si
- ✓ Leiinga gjev god informasjon.

Det har i lengre tid vore slik at det ved skulen har vore sett av planleggingsdagar til å vurdere eiga verksemd. No er det kommunal ordning med styringskort, og Odda ungdomsskule har dette langt framme i si daglege drift. Det heng oppe som oppslag, og det blir ført opp etter kvart som tiltak blir gjennomført. Dette vil også bli tema for intern skulevurdering.

Svara på påstandsskjemaet viser at leiinga gjev god informasjon. Forå for dette er m.a. morgonmøte kvar torsdag og leiinga sine møte med teamleiarane.

- ✓ Personalet er opne for endringar.
- ✓ Dei tilsette søker informasjon sjølv.

Oppsummeringa av påstandsskjemaet viser at personalet er opne for endringar og at dei tilsette søker informasjon sjølv. I samtalanene med lærarane vart det ved fleire høve kommentert at "her har me ein jobb å gjere", "her er me undervegs" eller "dette vil eg/me prøve å gjere på ein annan måte".

- ✓ Lærarane har undervisningskompetanse i dei faga dei underviser i.
- ✓ Personalet deltek på etter-/vidareutdanning som er relevant for vurderingsarbeidet

Lærarane gjev svar i påstandsskjema om at dei har kompetanse i dei faga dei underviser i. Leiinga refererer stolt til at dei har eit lærarkollegium med høg kompetanse og mykje erfaring. Plangruppe og kollegium har teke del i kursdagar som går rett på utfordringane "Vurdering for læring" gjev, og det er kommunalt vedtak på opplegg i regi av Høyskolen i Lillehammer med 3 dagar etterutdanning og refleksjonsarbeid mellom dagane. Rektor seier og at det i samband med dette vil bli gjeve tilbod om at desse dagane vil kunne bli rekna som del av kompetansegevande utdanning ved høgskulen.





## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### A. Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- ✓ Eleven får skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt som verkar motiverande.
- ✓ Eleven får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert bevisst kva han kan forbetra.

Frå forskrift til opplæringslova: § 3-1. Rett til vurdering

*Det skal leggjast vekt på å gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane. Det skal også leggjast til rette for at elevane kan gjere god eigenvurdering.*

På møte med klassekontaktane, der det var godt frammøte, kom det fram at elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt på konferansetimen. Men foreldra er usikre på korleis tilbakemeldinga vert gitt undervegs. I intervju med elevane kjem det fram at det ikkje er motiverande når dei får beskjed om å arbeide meir eller at dei ikkje har forstått oppgåva. Lærarane seier at dei gir tilbakemelding på ulike måtar og at det ikkje er noko fast rutine på dette. Det kjem fram at den enkelte lærar har sitt system. Gjennom intervju og påstandsskjema seier lærarane at det vert gitt mykje skriftlege tilbakemeldingar men at det kunne vore sett meir i system.

Her er det då rom for utvikling. Grunnen til at desse to punkta kjem igjen som utviklingsområde er at me såg mykje godt vurderingsarbeid, men at det vart gjort på mange ulike måtar og at det varierte frå lærar til lærar korleis dette vart praktisert. Under vurdering og veiledning i Elevundersøkinga 2009, skårar skulen under landssnitt på spørsmål om kor ofte arbeidet vert vurdert ved hjelp av fem av seks ulike metodar. Dei skårar høgare enn landssnitt i leksehøyering. Eit utviklingsområde for skulen kan vera å arbeida med ulike metodar for vurdering.

### B. Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- ✓ Læringsmåla er formulerte slik at elevar og føresette veit kva som skal lærast.
- ✓ Eleven får gjennom vurderinga vita korleis han/ho kan arbeide for å nå læringsmåla.

Påstandsskjema viser at lærarane meiner at det er viktig at elevane gjennom vurderinga får vite korleis dei kan arbeide for å nå læringsmåla. Trenden er ikkje like tydeleg på at det i høg grad er slik no.

Lærarar seier at skulen ikkje har noko mal for formuleringa av læringsmål og at elevane ikkje får læringsmål i alle fag. Dei har hatt mange diskusjonar på arbeidsrommet om kva ei god formulering av eit læringsmål er og at alle måla som står på planane ikkje kan definerst som læringsmål.

Elevane er nøgde med å få læringsmål, men seier at dei varierer frå lærar til lærar og at nokon kunne vore meir detaljerte.



Diskusjonen om formulering av læringsmål må først vidare og enda ut i ein felles praksis på å formulera læringsmål som er konkrete og målbare. Det er og viktig å ta vare på det arbeidet som vert gjort med å bryta ned kompetansemål til læringsmål, slik at ein på sikt får ein "bank" med mål for dei ulike kompetansemåla i fag.

I observasjonane våre såg me læringsmål på vekeplan som hang i klasserommet. I tre av klasseromma me var inne i, hang det matematikkreglar på veggene. I eit anna klasserom hang det figurdikt og teikneseriar frå norsk. Elles var det mange kunstbilete på veggane i klasseromma. For å hjelpa elevane til å ha fokus på læringsmål eller det som skal lærast, kan visualisering av lærestoffet i klasserommet vera nyttig - ein bevisst bruk av vegg for visualisering av lærestoff.

- ✓ Elevar og foreldre får vite kva det blir lagt vekt på i vurderinga.
- ✓ Vurderinga har fokus på eleven sine sterke sider.

Lærarar som fortalde om praksis med gjennomgang av kriterium i byrjinga av skuleåret, sa at dei følte at skulen har nådd eit stykke på veg med informasjon til foreldre og elevar, men følte at det var ein veg att for å få dette til å fungera. Vurderingskriterium er lagt ut på it's learning, men elevane loggar seg sjeldan på læringsplattforma.

I elevundersøkinga skårar skulen over nasjonalt nivå på påstandar som gjeld om dei har fått informasjon om kva som vert kravd for å oppnå dei ulike karakterane og kompetansemåla. Når me likevel vel å skrive dette som utviklingsområde, er det fordi elevane ikkje var konkrete i svare sine på dette i intervju.

Elevane snakka stort sett om poengskala når me spurde om dei fekk vite kva det vart lagt vekt på i vurderinga. Nokre elevar viste til at dei hadde fått eit ark med kriterium i engelsk.

Foreldre seier at dei ikkje veit konkret kva som vert vektlagt i alle fag - men håpar at elevane veit det.

Sjølv om skulen har utarbeidd vurderingskriterium i alle fag og informerer elevane om desse, viste få elevar og føresette kjennskap til desse. Nokre lærarar sa og at kriteria vert litt for generelle i kvardagen. Skulen er her i gong med eit viktig arbeid innan elevvurdering. For å koma vidare i dette arbeidet, er det viktig å diskutera om det kan vera teneleg å utarbeida kriterium eller kjenneteikn på måloppnåing for ulike kompetansemål i fag. Kjenneteikn på måloppnåing er ei skildring av kvaliteten eller nivået på det elevar meistarar i forhold til kompetansemåla – grada av måloppnåing. Ein måte å utarbeida kjenneteikna på er å knyta dei Blooms taksonomiske nivå slik Utdanningsdirektoratet (2007) gjer det i rettleiingsheftet sitt, altså i stigande kognitivt nivå: kunnskap – gjera greie for – bruk – analyse – syntese – vurdering. Ein anna side som må diskuterast er korleis ein kan gjera kriteria betre kjende for elevane og dei føresette.



### **C. Elevane er aktive i læringsprosessen**

- ✓ Eleven kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid.
- ✓ Vurderinga fremjar eleven si evne til å gjere bevisste val.

I §3-12 i Forskrift til Opplæringslova heiter det:

*Eigenvurderinga til eleven, ...er ein del av undervegsvurderinga. Eleven, ... skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.*

Skåren på Elevundersøkinga når det gjeld dette, er relativt låg men litt over landssnittet.

I lærarane sine svar på påstandsskjemaet er det spreining i synet på om elevane er bevisste på eigne læringsprosessar og om elevane kan vurdere sitt eige arbeid. Tilbakemeldingane frå elevane er tydelege på at praksis er ulik frå fag til fag og frå lærar til lærar. Dels er dei og noko famlante i svara om kva dette er. Svar frå lærarane fortel også at eigenmeldingar er i bruk jamt i nokon fag, litt sporadisk i andre og sjeldan i nokon. Nokon av lærarane uttrykkjer at dei ønskjer å bruke dette som ei øving for elevane for å bli meir og reflekterte over si eiga læring og i stand til å gjere bevisste val i læringsarbeidet.

Her er praksis alt etablert i nokon grad, men det er tydeleg behov for systematisering og felles rutinar.

- ✓ Elevane tek medansvar i vurderingsarbeidet.
- ✓ Elevane kan formulere eigne mål.
- ✓ Eleven er bevisst på eigne læringsprosessar

På Elevundersøkinga 2007-2009 skårar Odda ungdomsskole også her litt over landssnittet, men verdiane er relativt låge. Ved den eksterne vurderinga i 2005 var " ..gi elevene større innvirkning på egen læring" eit område det vart peika på skulen hadde utviklingspotensiale. Svara i påstandsskjema for lærarane viser at det er ulike syn på om det er viktig at elevane har medansvar og at dei kan formulere eigne mål. Synet på praksis no viser og stor spreining.

Elevane seier at dei har heller liten medverknad. Lærarar kommenterer at dette må det trenast på, elevane må bli bevisstgjorde på at dei har og korleis dei kan ta medansvar og få medverknad.

På same tid som det er sagt frå lærarane at dei nyleg har hatt kursdag og fokus på læringsstrategiar og læringsprosessar, blir det sagt at dette er noko ein må arbeide med

over tid. Læringsstrategiar har vore tema før, men utan at det har vorte ein naturleg del av læringsarbeidet.

Også her synes det som systematisering er det ein må gjere, og breiare og felles praksis er det ein må søkje å oppnå.



## **D. Skulen har felles rutinar/system for vurdering**

- ✓ Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering.

Påstandsskjema viser at lærarane synest at å ha system for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering. I svara på korleis praksis er no, er svara noko meir spreidde.

I intervju seier lærarar at god vurdering fører til læring og dei føler at dei har mykje bra, men at dei må samla seg litt meir om dei same tinga og at meir bør setjast i system. Lærarane fortel vidare om korleis dei skriv notat, tar vare på prøvar og karakterar og har mapper på elevar. Det seier vidare at dette er privat og ikkje felles praksis.

Skulen bør ta ein diskusjon på kva dokumentasjon er, kva ein skal ta vare på og kva system og rutinar som skal vera felles kring dette.

## **E. Skulen er ein lærande organisasjon**

- ✓ Skulen har diskusjonar kring læringsarbeid og vurderingspraksis.
- ✓ Det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting.

Påstandsskjemaet viser at lærarane ser det som svært viktig for skulen å ha fokus på arbeid med læringsarbeid og vurderingspraksis og på samarbeid og metodedrøfting. Det viser og at praksis ikkje er vurdert tilsvarande god.

I samtalar med lærarane kjem det fram fleire gonger at det er behov for å finne fram til felles praksis og til å organisere deling av kunnskap og metode. Den kunnskapen kollegiet har er omfattande, men som ein sa: " Vurdering er ikkje noko nytt, men ting må setjast i system."

Fleire kommenterer nøgd at rektor har "lova" at det skal arbeidast med dette framover.

## **10 – Vidare arbeid**

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Odda, 05.11.02

Kolbjørn Blikås

Evelyn Sekse Haustveit

Liv Kristoffersen



## Vedlegg 1

### Påstandsskjema for pedagogar

#### Vurderingstema: Vurdering for læring

| Verdsetjing:<br>Kor viktig er det at... |   |   |   |                | i høg<br>grad   | Vurdering:<br>Er det slik no? |   |   |   |   |
|---|---|---|---|----------------|---|-------------------------------|---|---|---|---|
| svært<br>viktig                         | 4 | 3 | 2 | lite<br>viktig |   | 5                             | 4 | 3 | 2 | 1 |
| 5                                       | 4 | 3 | 2 | 1              | <b>A. Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt</b>                             | 5                             | 4 | 3 | 2 | 1 |
|   |   |   |   |                | Eleven får <i>munntleg</i> tilbakemelding på arbeidet sitt                        |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Eleven får <i>skriftleg</i> tilbakemelding på arbeidet sitt                       |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Det vert gjennomført elevsamtalar (fagsamtalar) utanom dei to obligatoriske pr år |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Undervegsvurderinga mi er slik at eleven vert bevisst kva han kan forbetre        |                               |   |   |   |   |

| Verdsetjing:<br>Kor viktig er det at... |   |   |   |                | i høg<br>grad   | Vurdering:<br>Er det slik no? |   |   |   |   |
|---|---|---|---|----------------|---|-------------------------------|---|---|---|---|
| svært<br>viktig                         | 4 | 3 | 2 | lite<br>viktig |   | 5                             | 4 | 3 | 2 | 1 |
| 5                                       | 4 | 3 | 2 | 1              | <b>B. Vurderinga stimulerer til utvikling og læring</b>                         | 5                             | 4 | 3 | 2 | 1 |
|   |   |   |   |                | Vurderinga gjev tilbakemelding om framgang                                      |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Læringsmåla er gjort kjende for elevar og føresette                             |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Eleven får gjennom vurderinga vite korleis han kan arbeide for å nå læringsmåla |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Eleven får vite kva det vert lagt vekt på i vurderinga                          |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Vurderinga gjev tilbakemelding om framgang                                      |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Vurderinga har fokus på eleven sine sterke sider                                |                               |   |   |   |   |

| Verdsetjing:<br>Kor viktig er det at... |   |   |   |                | i høg<br>grad  | Vurdering:<br>Er det slik no? |   |   |   |   |
|---|---|---|---|----------------|--|-------------------------------|---|---|---|---|
| svært<br>viktig                         | 4 | 3 | 2 | lite<br>viktig |  | 5                             | 4 | 3 | 2 | 1 |
| 5                                       | 4 | 3 | 2 | 1              | <b>C. Elevane er aktive i læringsprosessen</b>   | 5                             | 4 | 3 | 2 | 1 |
|   |   |   |   |                | Eleven tek medansvar i vurderingsarbeidet  |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Eleven er bevisst på eigne læringsprosessar  |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Eleven kan vurdere eige og andre sitt arbeid   |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Eleven kan formulera eigen mål   |                               |   |   |   |   |
|   |   |   |   |                | Vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom heim og skule |                               |   |   |   |   |



**Verdsetjing:**

Kor viktig er det at...

svært viktig

lite viktig

| 5 | 4 | 3 | 2 | 1 |
|---|---|---|---|---|
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |

**D. Skulen har felles rutinar/system for vurdering**

Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering

Skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen

Vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse

Skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat frå kartlegginga

i høg grad

| 5 | 4 | 3 | 2 | 1 |
|---|---|---|---|---|
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |

**Vurdering:**

Er det slik no?

slett ikkje

**Verdsetjing:**

Kor viktig er det at...

svært viktig

lite viktig

| 5 | 4 | 3 | 2 | 1 |
|---|---|---|---|---|
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |

**E. Skulen er ein lærande organisasjon**

Kunnskap frå vurderinga blir brukt i planlegging av læringsarbeidet for at elevane skal få maks utbytte

Skulen har diskusjonar kring læringsarbeid og vurderingspraksis

Det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting

Personalet er opne for endringar

Skulen vurderer jamleg verksemda si.

Lærarane har undervisningskompetanse i dei faga dei underviser i

Leiinga gjev god informasjon

Dei tilsette søkjer informasjon sjølv

i høg grad

| 5 | 4 | 3 | 2 | 1 |
|---|---|---|---|---|
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |
|   |   |   |   |   |

**Vurdering:**

Er det slik no?

slett ikkje



## **Vedlegg 2**

### **Samtaleguide elevintervju:**

1. Sei noko som er bra med Odda ungdomsskole.
2. Sei noko om dei munnlege tilbakemeldingane de får frå lærarane på arbeid de gjer.
3. Sei noko om dei skriftlege tilbakemeldingane de får frå lærarane på arbeid de gjer.
4. Sei noko om: Tilbakemeldingane lærarane gjev oss, verkar motiverande.
5. Sei noko om: Læringsmåla på arbeidsplanen er slik at vi veit kva som blir venta av oss.
6. Sei noko om påstanden: Tilbakemeldingane vi får, er slik at vi får vite korleis vi skal nå læringsmåla.
7. Sei noko om: Vi får greie på kva det blir lagt vekt på når lærarane skal vurdere arbeidet vårt og når karakter skal setjast.
8. Sei noko om elevsamtalar (samtalar åleine med lærar) de har.
9. Sei noko om konferansetimane.
10. Sei noko om korleis de er med og påverkar arbeidsmåtane dykkar på skulen.
11. Sei noko om: På skulen lærer eg om korleis eg lærer best.
12. Sei noko om eigenvurderingar.



### **Vedlegg 3**

#### **Samtaleguide møte med føresette:**

1. Sei noko som er bra med Odda ungdomsskole:
2. Foreldre/føresette er nøgde med den informasjonen dei får om vurderingspraksisen på skulen.
3. Foreldre/føresette veit og skjønar kva som er læringsmål for kvar periode.
4. Elevane og foreldre veit kva som blir venta for å oppnå dei ulike karakterane.
5. Elevane får skriftlege tilbakemeldingar i fag. Tilbakemeldingane gjev god informasjon om eleven sin faglege ståstad.
6. Vurderinga elevane får verkar motiverande for dei.
7. Sei noko om konferansetimane.
8. Elevane er opptekne av kva dei skal lære, ikkje berre av kva dei skal gjere.
9. Vurderinga elevane får, tek utgangspunkt i deira sterke sider.
10. Elles er det å seie:



### Vedlegg 3

#### Samtaleguide pedagogar

Sei noko om magekjensla de har om temaet "Vurdering for læring"

| Kriterium   | Spørsmål  |
|---|---|
| A<br>Elevane får<br>tilbakemelding på<br>arbeidet sitt    | Korleis gjev de tilbakemeldingar på elevane sitt arbeid?<br>(hyppigheit og form)<br>Korleis gjennomfører de (små) fagsamtalar med den<br>einskilde eleven?  |
| B<br>Vurdering stimulerer<br>til utvikling og læring      | Korleis gjerde for at elevane skal få greie på korleis dei kan<br>arbeide for å nå læringsmåla?<br>Korleis får elevane vite kva det blir lagt vekt på i<br>vurderinga?  |
| C<br>Elevane er aktive i<br>læringsprosessen              | Kva gjer de for at elevane skal ta medansvar for<br>vurderingsarbeidet?<br>Korleis arbeider de med læringsstrategiar?<br>(læringsprosessar)<br>Korleis legg de til rette for eigenvurdering?                            |
| D<br>Skulen har felles<br>rutinar/system for<br>vurdering | Korleis informerer de foreldre/føresette om<br>vurderingspraksisen på skulen?<br>Korleis brukar de vurdering til å dokumentere kompetanse?<br>Korleis kartlegg de og korleis føl de opp resultatata av<br>kartlegginga? |
| E<br>Skulen er ein<br>lærande organisasjon                | Korleis skjer drøftingar om læringsarbeid,<br>vurderingspraksis og metode?<br>Kva brukar de arbeidsplanfesta tid til?   |